



Tilbod om ”BOK I BUTIKK” i bygdene i Vindafjord.

Vindafjord bibliotek har sidan august 2010 drive eit utviklingsprosjekt kalla ”Bok i butikk”. Prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket og har fått positiv omtale i ulike media. Ordninga er kome i stand for å avhjelpa at mange har lang reiseveg til biblioteket i Ølen.

I praksis fungerer dette slik: Dei som ynskjer å lesa ei bok, sjå film høyra lydbok el.a. kan bestilla dette frå Vindafjord bibliotek. Biblioteket kører ut bestilte media ein gong i veka , slik at det bestilte kan hentast på ein butikk eller bensinstasjon i nærleiken.
Enkelt og greitt!

Frå 1. september kører me ut bestilte media til:

Joker-Vikebygd

Joker- Bjoa

Joker- Vikedal

Shell- Knaphus

Shell- Sandeid



Tilsette på **Westcon** og **Sandeid fengsel** har høve til å henta og levera bøker på arbeidsplassen.

På biblioteket si nettside kan du søka i katalogen og sjå alt kva som er i samlinga vår, for deretter å bestilla via nettet det du ynskjer: www.vindafjord.folkebibl.no


For å nytta denne ordninga må du ha lånekort frå biblioteket og ein PIN- kode. Treng du hjelp til dette, kontaktar du oss på:

Tlf: 53 655860,

epost: vindafjord.bibliotek@vindafjord.kommune.no



Besök oss!



NB! På same stadene er det også innleveringskasse, der du kan levera media som er lånt på biblioteka i heile Rogaland!.

Lenke til skjema for [Lånekort](#) og til
Informasjonsbrosjyre på [norsk](#) [polsk](#) [engelsk](#)